

Jens Fremming Anderssen
Suhmsgate 20 c
0362 OSLO

Oslo, 10.10. 2011

Norges vassdrags- og energidirektorat
Postboks 5091 Majorstua,
0301 OSLO

Høyringsuttale i samband med søknad om konsesjon til vasskraftutbygging av Storelva i Gloppen kommune

På kort sikt vil Gloppen Kommune og ein handfull privatpersoner tene gode pengar på kraftutbyggingane av Storelva. På lang sikt vil Breim bli ein bitte liten og fattig øy på vestlandet. Meir om det til slutt.

Eg baserar denne høyringsuttalen på Alternativ 1 i Breim Krafts konsesjonssøknad. Konsekvensane av ei slik utbygging vil – slik eg ser det – i hovudsak gjere følgjande skade:

1. Utarme elva og elveosens gode fiskevilkår slik vi kjenner det i dag
2. Påføre irreversible sår i Seimestranda og totalt sett verdiminke Reed sentrum som kulturlandskap
3. Gjere Breim til ein mindre attraktiv plass for turistar og potensielle busettarar.

Fisk

Breimsvatnet gjer i kompaniskap med Storelva Reed til eit paradis for sportsfiskarar, særleg i elvedeltaet nedanfor Seimebrua. Om alt. 1 i konsesjonssøknaden blir gjennomført vil elveosen langt på veg forsvinne. Og med den ein fast og sikker fiskeplass som breimingar har visst om og brukt i over tusen år (jfr. utgravningar gjort av Bergen Museum).

Redusering av vasstanden i Storelva vil og etter alt å dømme utelukke ein framtidig laksebestand i Storelva, som er mogleg om fungerande laksetrappar ved Vassenden/Eidsfossen blir satt istand.

Natur- og kulturlandskapet

Kulturmiljø 1:

Utbyggjar skriv mellom anna i si informasjonsbrosjyre anno Mars 2011 at:

”(...) planområdet er allereie sterkt påverka av busetnad, landbruk, vegar, kraftliner og liknande.”.

Eg les denne setninga som ei rettferdsgjering av dei omfattande øydeleggingane den planlagde utbygginga vil føre til. I so fall er dette ein logikk eg må ta til orde mot.

Det utbyggjar her beskriv er eit landskap som *blir* nytta i dag og som har *vore* nytta i fleire hundre, ja over tusen år. Eit *kulturlandskap*. Eit landskap som alltid har vore i endring, men i relativt liten skala (det kan vi sjå av gamle fotografiar og i målarkunsten) og langt ifrå i eit so til gradar stort byks som utbyggjaren her ynskjer.

Utbyggjar trekk vidare slutninga *”Det er med andre ord ikkje noko inngrepsfritt areal igjen”.*

Det er feil. Det finns nemlig eit slikt areal: elva. Om vasstanden reduserast vil naturleg nok store areal ligge tørt, ufruktbart og steinete attende. Det visuelle inntrykket vil alltid vitne om ei svunnen tid der elva var større og rikare.

Kulturmiljø 2:

Utbyggjar skriv at kulturmiljøet i Seimestranda vurderast å *”(...) ha liten til middels verdi”.* Eg meiner ingen - heller ikkje utbyggjar - har tilstrekkeleg grunnlagsmateriale for å framføre ein slik påstand.

Bruka på Seime er den eldste busettinga på Reed. Dette området og særleg strandsona med dei gamle slåtteteigene har vore *”lite til middels”* forska på og gjøymmer truleg uoppdaga kulturminner som vil gå tapt om utbyggingsplanane blir igangsett.

Breim som heim

Mi tilknytting til Breim er førebels begrensa til å vera besøkande, men det er ikkje utelukka at eg med tida gjer bygda til permanent buplass.

Før ein slik avgjerd må eit sett kriterium oppfyllest. Dei vanlege som jobb, plass å bu og barnhageplass er opplagde, men ikkje viktigast. Det unike med Breim og Reed er nærleiken mellom sjø og fjell, strandsona med dei pittoreske nausta, Gordon Hotell og ikkje minst det gode fisket ved elveoset. Alt dette gjer ein heilskap, eit “selling point” kor alle faktorer spelar saman og tener på kvarandre. Om ein av desse øydeleggjast svekkast “heile pakka”.

Om utbyggjar får gjennom sitt forslag blir Breim for meg ein mindre attraktiv plass.

Lyrisk framtidskikkert

Breim er ein attraktiv bygd, men er ikkje aleine om det. Vestlandet er rik på slike vakre plassar. Det veit turistane og det veit eg som austlending kanskje betre enn dei fleste vestlendingar. Det eg med mange andre no fryktar er at Gloppen Kommune ikkje er klar over dette og ikkje veit å verdsette det dei rår over før det er for seint.

Følgjande Inger Hagerup-dikt kan kanskje gje eit bilete på korleis Breim vil arte seg i framtida om dette forslaget går i gjennom. Byt bakaren ut med Breim, båtane med turistar og kakene med kraftpengar.

*Det bor en gammel baker
på en bitte liten øy.
Han er så lei av kaker
og krem og syltetøy.
Men han må sitte likevel
og spise sine kaker selv.
For han bor helt alene
på en bitteliten øy.*

*Når små og store båter
går dampene forbi,
da sitter han og gråter
i sitt varme bakeri,
og spiser loff og fattigmann,
for ingen kunder går i land.
Og han er helt alene på
på en bitte liten øy.*

*Det var en gammel baker
på en bitte liten øy.
Han åt for mange kaker
med krem og syltetøy.
Forleden dag så satt han død
midt i en haug av wienerbrød.
Og nå bor ingen baker
på en bitte liten øy.*

Med helsing
Jens Fremming Anderssen
Oslo